

Fagfolk og forkjemparar meiner regjeringa kan oppnå store **klimakutt** og meir fornybar energi ved å legge om støtta til biogass. Signala om reduserte ambisjonar får kritikk.

* FORNYBAR ENERGI

Kritiserer kutt i biogassmåla frå dyremøkk

Rett før jul kom eit signal som ikkje fell i god jord verken blant bønder eller miljøvernorganisasjonar. Statssekretær Ola T. Heggen (Sp) gjorde det klart at regjeringa vil redusere ambisjonsnivået når det gjeld å utvinne biogass frå husdyrgjødsel. Eit signal som kjem eit snuatt år etter at regjeringa varsla at 30 prosent av husdyrgjødsla her i landet skal gå til biogass innan 2020. Økonomi blir trekt fram som viktigste årsak.

Kan bli stopp fleire stader

Samtidig blei det også klart at det største biogassanlegget som er under planlegging, Hå biopark på Jæren, ikkje kan vente seg nødvendig statleg drøytje. Reaksjonane er ikkje berre sterke på Jæren og blant miljøorganisasjonar. På Østlandet i Trøndelag fryktar eit anna planlagt biogassanlegg for følgjende.

– Vi fekk tildelt ni millionar kroner frå Etnova i november for å dekke ein god del av investeringssummen, men vi var usikre på realiseringa også før det nye signala kom frå regjeringa. Og så vi må truleg leista driftstilskot for å få det til å gå rundt, seier Arne Hernes.

Han er styremedlem i samvirkeforetaket Biogass Fosen SA og Agroenergi AS, som er to av vertsemdene som er involvert i planane om biogassproduksjon basert på 50.000 tonn husdyrgjødsel.

– Å utvinne biogass frå husdyrgjødsel er svært bra ressursbruk og gunstig for miljø og klima. Det er rart å kalle det dyrt. Dyrt i forhold til kvalitifelle. Månelandninga til regjeringa er ikkje akkurat grants den heller, seier Hernes.

I Vestfold er det også eit større biogassanlegg under forprosjektering, men der er arbeidet ikkje kome så langt at ein kan seie noko om driftsøkonomien, ifølgje bondelagsleiar Hans Edvard Topp.

– Eg tvivlar også at regjeringa er alt for passiv, og dessutan er ikkje biogass frå husdyrgjødsel ei

sektorsak. Biogass frå dyremøkk er eit viktig samfunnsprosmål for å samla regjering, ikkje berre Landbruksdepartementet, seier Topp, som sit i styringsgruppa.

Bør legje om støtta

Ein av aktørane som gir faglege råd om gardsanlegg for biogass er Jens Måge i BioWaz. Han fortel at mange bønder er interessert i å starte med biogassproduksjon, men at støttesystemet bidrar til at det er ein tungrodd og komplisert prosess. Til nå er det mindre enn ei handfull anlegg som er realiserte. Måge meiner det hastar.

– Det er svært viktig å få anlegg opp og gå raskt slik at interessa ikkje daler, seier han.

Måge meiner regjeringa først burde vurdere korleis ein kan oppnå målet på biogass, før dei begynner å kutte i ambisjonane. Sjølv meiner han at Norge har mykje å lære av til dømes Tyskland, Italia og England når det gjeld støttesystem for biogass basert på husdyrgjødsel.

– Å få ei satsing på biogass handlar ikkje nødvendigvis så mykje om meir pengar, men om korleis støttesystemet er skrudd i saman. I Tyskland og fleire andre land gir dei eit fast støttebe-

Fakta

Biogass frå husdyrgjødsel

- * Ein stor del av metan- og lystgassutslappa frå landbruket kan samløst opp og brukast som fornybar energi gjennom biogassanlegg.
- * I før vedtok Stortinget at 30 prosent av husdyrgjødsela skal gå til biogassproduksjon innan år 2020, men rett før jul uttalte talsmann for regjeringa at ambisjonane er for store.
- * Biogassanlegg på bruk med 20-30 kyr og 7-800 tonn husdyrgjødsel kan gi kutt på 40 tonn CO₂-ekvivalentar og 60.000 kWh energi pr år.
- * Tiltlegg blir restproduktet betre nyttbar og likt fri gjødsel.

Kjelder: SLF og BioWaz

løp etter volum. Pengane går til drift i staden for ein prosent av investeringa. Volumet er enkelt å kontrollere. Det krever ingen kompleks søknadsprosess og risikoen blir mindre for produsent. Faste driftstilskot er ein enkel og utvåktraktisk måte som opnar for ein mykje raskare utbyggingstakt, seier Måge.

Utvåktraktisk klimastøtte

Måge meiner det ville verematurleg å knytte driftstilskotet til volumet av husdyrgjødsel som går igjennom biogassanlegget.

– På den måten ville støtta først og fremst gå til reduserte utslipp av metan og lystgass, som er svært klimaskadelige gassar. Rapporteringa kunne skjedd gjennom al-løvere etablerte rittmar, seier han. Forslaget om ei omlegging av støtta blir tatt imot med opne armar av bønderne bak biogassplanane på Fosen.

– Det er akkurat eit slikt Feed In-system vi har etternyst. Det vil vere enkelt, utvåktraktisk og god distribusjon. Slik det er nå er alt usikkert, seier Hernes.

BJARNE BEKKHEIEN MÅSE

bjarne.ase@natt.no




STØTTEENDRING

«Biogassatsing handlar ikkje nødvendigvis om meir pengar, men om korleis støttesystemet er skrudd i saman».

JENS MÅGE
DRIFTSANSVARELIG I BIOWAZ



Biogassatsing Mjølke- og grisebonde Halvar Garpestad frå Time på Jæren vil bygge sjansane til å realisere prosjektet, som vil gi ein klimaeffekt som er større enn dei



«Eit biogassanlegg basert på husdyrgjødsel for å varme opp to naboskular, ein idrettshall og eit industrifelt. For å ha årlige utsleppa frå 100 personbilar, er han avhengig av økonomisk støtte frå Innovasjon Norge.» FOTO: BLARNE BEKKEHEIM AASE

Vil varme opp to skular med husdyrmøkk

Dyra til Halvar Garpestad kan gi varme til både skulelevar, idrett, industri og gardsdrift. Om økonomien går i hop.

TIME. Intensjonsavtalen med kommunen er i boks, teknologien er velkjend og mjølke- og svinebonde Halvar Garpestad på Høyland i Time på Jæren er vrigg etter å seige spada i jorda.

Det einaste som manglar er støtte-jåfrå Innovasjon Norge.

– Eg håper vi kan komer i gang til sommaren. Men vi er avhengigje av at økonomien går rundt, seier Garpestad.

80 hus og 100 bilar

Soknaden blei sendt for fleire månader sidan. Investeringa er på nær 5,5 millionar kroner samla. Anlegget kan gi 1,6 GWh fornybar energi, noko som svarar til forbruket til 80 husstandar. Gassfangsten vil dessutan gi like store kutt i utslappa av klimagassane metan og lystgass som dei årlige utsleppa frå over 100 personbilar.

– Grunnen til at eg gjekk i gang var at eg ville utnytte ressursane som er på garden. Eg hardtassutan vassboren varme både i huset og ertshuset, noko som er eit godt utgangspunkt for å utnytte energien frå eit biogassanlegg, seier Garpestad.

For å realisere planane må Garpestad bygge ut eit røyrmatt frå mjølkekøyne og grisene og fram til tetstaden Lye, ei strekning på rundt 1,5 kilometer. Der skal biogassen etter planane varme opp både barne- og ungdomsskulen, ein idrettshall og eit industrifelt. Samla sal av energi skal etter planen utgjere 1,25 GWh, medan Garpestad reknar med å ha bruk for 0,35 GWh sjølv til bustadhus, gardsdrift og tildrift av sjøtve biogassanlegget.

Vil nytte 4700 kubikk

Hovudressursen i biogassproduksjonen er 4000 kubikkmeter møkk frå husdyra, den såkalla husdyrgjødsla. Gjennom organisk nedbryting blir det utvunne metangass, som igjen kan nyttast anten til rein oppvarming av eit fjernvarmeanlegg eller til ein kombinasjon av elektrisitets- og varmeproduksjon. Garpestad har i tillegg inngått intensjonsavtale om mortakt av 700 tonn slaktert- og fiskeavfall frå Norsk Protein. Det bidreg til å auke energiproduksjonen ytterlegare, og den gunstige klimaeffekten blir også klart forsterka.

– Vi har ikkje heilt bestemt oss for om det blir fjernvarmerør eller gassrør til Lye. Det kjem litt an på om kommunen ønskjer vi skal bli totalleverandør av energi til dei offentlege bygningane eller ikkje. Energiproduksjonen frå



biogassanlegget er nokså jamn gjennom året, og dermed må biogassen supplert med andre energifjelder når varmebehovet er størst. Det kan dermed bli behov for å ha flisfyring i tillegg, seier Garpestad, og forklarar at dei har kalkulert med å kunne dekke om lag halvparten av energibehovet til skular og idrettshall gjennom biogass frå husdyrgjødsla.

For industrifeltet er det også inngått intensjonsavtale, og der vil biogassen kunne erstatte fyring med fossil gass.

Luktfri og betre gjødsel

Etter at metangassen er henta ut av gjødsla vil Garpestad som vanleg bruke husdyrgjødsla på åker og eng. Blant fleire positive tilleggseffektar av biogassanlegget er at gjødsla blir ommrent luktfri etter behandlinga.

– Naboane vil nok seie pris på at gjødselsopreininga blir luktfri. Dessutan blir det lettere for plantane å gjere seg nytte av næringsstoffa i gjødsla etter behandlinga i biogassanlegget, seier Garpestad, som dermed sannsynlegvis også vil kunne redusere bruken av kunstgjødsel.

I teorien kunne han også laga rundt 2000.000 liter bensin ekvivalentar av gjødsla, men det ville krevje ei enda større investering.

– Avhengig av støtte

Garpestad kjenner til at det er iallfall ei lita handfull andre bønder som arbeider med liknande biogassprosjektberre i nordre milt omkrins frå garden hans på Høyland i Time. Felles for alle er utfordringa med å få dei økonomiske reknesykka til å gå opp. Mange av dei gunstige effektane for samfunnet blir i liten grad verdsett i støttesystemet. Carpestråd håper likevel at det let seg gjere å realisere prosjektet om han får tilslag på 40 prosent investeringsstøtte, slik han har søkt om.

– Der som vi får rundt to millionar kroner i investeringsstøtte har vi rekna ut at vi må få rundt 50 øre per kWh for energien i smitt. Eg håper eit så godt klimaprojekt lar seg realisere, seier Garpestad.

BLARNE BEKKEHEIM AASE

blarne.aase@natt.no